



Styre, råd og utval
Formannskapet

Møtedato
06.09.2007

Saksnr

Sakshandsamar:
Håkon Fimland

Arkiv:
FE-, FA-C35

Arkivsaknr.:
07/2240

Knutepunktoppdrag - høyringsuttale til notat frå Kulturdepartementet

Vedlegg:

Skriv av 22.06.07 frå Det kongelege Kultur- og Kyrkjedepartement – notat til høyringsuttale

Bakgrunn for saka:

I St.meld. nr. 61 (1991-92) "Kultur i tiden" vart trekt opp ny funksjonsdeling innfor kultursektoren med nasjonale institusjonar, regional-/landsdelsinstitusjonar og knutepunktinstitusjonar. I endeleg struktur, vedteke i Stortinget, vart Knutepunktinstitusjonane tiltenkt ansvar ut over eiga verksemd ved at utvikling av idear, tilbod og kompetanse skulle kome heile regionen til gode. Institusjonane skulle knytast saman i nettverk både av andre institusjonar og statlege/regionale styresmakter. For å ivareta slike fellesfunksjonar og eigen kvalitet, skulle knutepunktinstitusjonane sikrast gjennom økonomiske rammer. Ordninga føreset avtale mellom staten, fylket og kommunane om finansiering i forholdet 60% på Staten og 40% region/kommune. Vidare heiter det i avtalen at departementet vil understreke at verksemdar som har status som knutepunktinstitusjon skal kunne påta seg eit nasjonalt kulturansvar innanfor sin sjanger og samstundes ha ei klar regional og lokal forankring.

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival fekk etter søknad knutepunktstatus med verknad frå 2005. Førdefestivalen kom i gruppe med andre kulturelle flaggskip som festspela i Bergen og Harstad, Olavsfestdagane i Trondheim, Molde Internasjonale Jazzfestival mfl.

Saksutgreiing:

Departementet legg opp til ei vurdering av alle institusjonar med status som knutepunkt. Det vil skje på grunnlag av Førdefestivalen sin årlege rapporteringar til departementet, i tillegg til ein prosess/dialog mellom partane. Dersom festivalen har mangelfull måloppnåing eller ikkje har utvikla knutepunktfunksjonen tilfredsstillande, kan Førdefestivalen risikere nedtrapping av det statlege tilskotet. I forslaget til kriteriar frå KKD for knutepunktoppdrag er det lagt opp til at institusjonane vil bli vurderte i høve kunstnarisk aktivitet og kvalitet, publikumsutvikling samt ressursutnytting. Det er også ein føresetnad at knutepunktinstitusjonane har regional og lokal tilknytning gjennom finansiering og annan medverknad. Departementet legg opp til at knutepunktoppdraga vert evaluerte kvart femte år.

Rådmannen har i fellesmøte mellom Førde kommune, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival og fylkeskommunen drøfta høyringsnotatet frå KKD, og kan slå fast at partane har samanfallande syn i denne saka.

Førdefestivalen hadde allereie i søknadsdokumenta om å få status som knutepunktinstitusjon, lagt stor vekt på dei hovudpunkta som vert skisserte i høyringsnotatet til KKD. I festivalen sin strategiplan 2006 – 2008, er desse måla konkretisert og er såleis eit godt styringsverktøy for å dokumentere festivalens mål og strategiar.

Vurdering

Dei fleste av punkta under "mål- og resultatkriterier" vurderer vi som uproblematisk og er godt i samsvar med krava. Førde Internasjonale Folkemusikkfestival jobbar godt og held seg innanfor dei nemnde kriteria for knutepunktoppdrag. Festivalen har ein klar programmessig profil som skil den frå andre festivalar i Norge. Kvart år legg den opp til nye prosjekt for kunstnarleg utvikling og fornying - t.d. innan scenekunstfeltet og ungdomsprosjekt. Festivalen har brei lokal medverknad i form av økonomiske løyvingar og nært samarbeid med fylkeskommunen og Førde kommune. Kommunen er stolt over å vere vertskommune for Førdefestivalen, ein festival med svært høg kvalitet innanfor sin sjanger også målt i europeisk samanheng.

Når det gjeld "publikumsretta tiltak gjennom året" har kommunen følgjande kommentar: Det er positivt at festivalen sin kompetanse og ressursar kan nyttast til gode for publikum gjennom året. Førdefestivalen har hatt slike aktivitetar dei siste åra. Både konsertar, seminar og samarbeidsprosjekt med ungdomsskular i Sunnfjord. Desse aktivitetane har vore gjennomført ved hjelp av eksterne midlar frå Norsk kulturråd. Etter bortfall av LOK-midlane i Kulturrådet, har festivalen ei utfordring å skaffe nye ressursar til tiltak gjennom året. Eit slikt pålegg frå KKD om heilårleg aktivitet som del av den ordinære drifta, vil difor bety ekstra ressursar gjennom det ordinære driftstilskotet eller etablere nye samarbeidspartar, dersom dette ikkje skal gå ut over produksjonen og kvaliteten på sjølve festivalarrangementet. På dette punktet ber difor kommunen at departementet presisere kva nivå forventningane til "publikumsretta tiltak gjennom året" ligg på.

Under punktet "Vurdering av gjennomføringa av knutepunktoppdrag" er det viktig å ta omsyn til dei ulike vilkåra og føresetnadane festivalane opererer under. Til dømes kan omtale i media vere avhengig kva sjanger festivalen har, geografisk plassering til festivalen, tidspunkt osv. I så måte vil det vere naturleg å ta med moment som nemnt over i vurderinga under arbeidet med evalueringa av festivalane.


Konklusjon

På bakgrunn av rådmannen sine utfyllande kommentarar vil ein tilrå at Førde kommune ikkje har merknader til forslag til presisering av kriteriar for knutepunktoppdrag.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Førde kommune har ikkje merknader til forslag til kriteriar for knutepunktoppdrag, slik det ligg føre i skriv frå Kultur- og Kyrkejdepartementet av 22.06.07.

Førde, den 05.09.2007


Ole John Østenstad
rådmann


Hakon Fimland
Kommunalsjef
Tlf. 57722043